



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Rådgivar Dag Hole, 71 25 81 23

Vår dato

30.04.2008

Dykkar dato

05.02.2008

Vår ref.

2008/1109/DAHO/422.0

Dykkar ref.

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 OSLO

Landbruks- og matdep.		
2008	216	199
13 MAI 2008 ASR / SEB		
IAA	479	Avekri

Høring - endring i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven - bestemmelser om bo- og driveplikt mm

Fylkeslandbruksstyret i Møre Romsdal handsama saka i møte den 30.04.2008, og ønskjer å gi sine merknader til høyringa.

Landbruks- og matdepartementet har fremma forslag om endringar i odelslov, konsesjonslov og jordlova. Endringane gjeld i fyrste rekke lovpålagt bu- og driveplikt.
Fylkeslandbruksstyret er høringsinstans jamfør brev av 5. februar 2008.

Landbruks- og matdepartementet foreslår:

- At reglane om buplikt etter odelsloven flyttes til konsesjonsloven, og at reglane om driveplikt etter konsesjonsloven og odelsloven flyttes til jordloven.
- At buplikt skal oppstå ved erverv av eigedom med bustadhus med over 25 dekar dyrka mark, og ved erverv av eigedom med bustadhus med over 350 dekar produktiv skog.
- At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av eigedom med bustadhus med over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensa på 100 dekar totalareal være som den er i dag.
- At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.
- At det blir et spørsmål om arealgrenser når det skal tas stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil si at det verken etter konsesjonsloven eller odelsloven skal foretas en konkret vurdering av om eigedommen er en "jord- og skogbrukseigedom" eller om den "kan nytties til landbruksdrift".
- At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søke konsesjon, dvs. at reglane om å søke fritak frå buplikt fjernast, og at det gis nærmere reglar for konsesjonsvurderinga i disse tilfeller.
- At det gis nærmere reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.
- At buplikta bare kan oppfylles ved registrering i folkeregisteret som busett på eigedommen
- At driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drives lønnsamt, uavhengig av om det har skjedd en overdragning, og være varig.
- At slektskapsuntaket kan fjernast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.

Departementet har også bedt om synspunkt på:

- Om det bør innførast buplikt i kommune ved erverv av utmarkseigedom.

Forslaga er grunngjevne med behov for:

- meir forutberegnelighet for private når det gjeld spørsmål om det er buplikt på eigedommen eller ikkje.
- Ein meir effektiv og målretta innretting av buplikta, og
- Betydelige forenklingar som også omfattar harmonisering mellom odelslova og konsesjonslova.

Reglane om omfanget av odelsrett, om konsesjonsplikt og om bu- og driveplikt er, og har vore, ein sentral del av landbrukslovgivninga i mange år og er utvilsamt av betyding for gjennomføringa av landbrukspolitikken. Reglane har betyding bl.a. for eigarstrukturen i landbruket, men har også betyding ut over landbruket, bl.a. for kommunanes muligheter til å hindre at heilårsbustader blir brukt til fritidsformål. Dette er ein viktig distriktpolitisk dimensjon ved lovverket.

De mål denne lovgivinga følger er viktige i et langsiktig perspektiv. På landbruksområdet gjelder dette bl.a. målet om å sikre produktive areal for framtidig matproduksjon og målet om å legge til rette for rasjonell, bærekraftig drift som kan gi grunnlag for verdiskaping.

Reglene har også som mål som å ivareta og auke busettingen i distrikta, og målet om å sikre kulturlandskapet. Vidare er reglene viktige for å sikre gode løysningar ved arv og skifte av landrukseigedom.

Bestemmelsene i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven legger rammer for kva den enkelte kan gjøre med eigedomen sin. Etter Landbruks- og matdepartementet sitt syn er det i dag fleire forhold knytt til reglane om bu- og driveplikt, som bør endrast. Disse reglane bør etter Landbruks- og matdepartementet sitt syn gjørast meir målretta, og regelverket bør forenklast.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal la fram forslag om følgjande merknader til høyringa:

Forslag om at reglane om buplikt i odelslova flyttast til konsesjonslova og at reglane om driveplikt i odelslova og konsesjonslova flyttast til jordlova. Flytting av reglane om buplikt frå odelslova kan medføre at odelslova sin status vert svekka. Det vil vere ei forenklinga av byråkratiet om ein samlar alle reglane om bu- og driveplikt i kvar sine spesiallovar. Viss ein ynskjer ein slik samling er Fylkesmannen i Møre og Romsdal einig i den foreslalte flyttinga. Men på den andre sida vil det for den som skal overta ein eigedom på odel bli fleire ulike lovar å halde seg til. Vi meiner at det også er grunn til å spørje om odelslova sin status blir svekka ved at ein tek reglane om bu- og driveplikt ut.

Forslag om å endre arealgrensene slik at buplikt skal oppstå ved erverv av eigedom med bustadhus med over 25 dekar dyrka mark, og ved erverv av eigedom med bustadhus med over 350 dekar produktiv skog. Ei auke av kravet til dyrka mark synast å vere i tråd med utviklinga i samfunnet knytt til kor store eigedomar må vere før dei har eit visst potensiale i landbrukssamanhang.

Når det gjeld arealgrensa på skog synast den å vere i tråd med rettsutviklinga i den seinare tid. Men for Møre og Romsdal sin del synast grensene høge. Svært mange eigedomar som i dag er pålagt buplikt vil i framtida ikkje bli underlagt konsesjonshandsaming.

Det er eit klart potensiale for konfliktar knytt til kva som er *produktiv* skog. Her bør ein vere tydlegare i uttrykksforma, og gje klare føringar på kva som er å betrakte som *produktiv skog*. Vi ber igjen om at ein her tek dei tilhøve som er gjeldane i Møre og Romsdal, og sikkert

også andre plassar, blir vektlagte slik at vi får eit regelverk som har ein praktisk nytte i heile landet.

Forslag om at konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av eigedom med bustadhus med over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensa på 100 dekar totalareal skal være som den er i dag. Forslaget vil medføre at ein ikkje lenger kan søke om fritak frå buplikta. Erfaringsmessig ser vi at det ofte er vanskelegare å få tilflytting til bruk der det har vore gitt langvarig fritak på buplikta. Om ein ikkje vil fjerne heimelen for å gi fritak bør det formulerast retningslinjer for bruken av varig eller midlertidig fritak.

Forslag om at kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog. Det er svært heldig at ein no veljar å nytte same omgrep i odelslova som i konsesjonslova. Gjeldane rett kan føre til ein ulik handsaming av like erverv i familietilhøve og utanfor. Omgrepet dyrka mark er noko også lettare å forholde seg til enn "landbruksareal" Når det gjeld arealgrensene viser vi til vår merknad knytt til førra forslag.

Forslag om at det blir et spørsmål om arealgrenser når det skal takast stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil sei at det verken etter konsesjonsloven eller odelsloven skal gjerast ei konkret vurdering av om eigedommen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller om den "kan nyttas til landbruksdrift". Odelslova § 1 sett krav om at ein eigedom må kunne "nyttast til landbruksdrift" for at det skal vere ein odelseigedom. Spørsmålet om ein eigedom "kan nyttast til landbruksdrift" er ikkje enkelt å finne svaret på og det vil ofte vere umogleg for ein som ynskjer å ta over ein gard å avgjere dette på eiga hand.

Forslag om at den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta må søke konsesjon, dvs. at reglane om å søke fritak frå buplikt fjernast, og at det gis nærmere reglar for konsesjonsvurderinga i disse tilfelle. Forslaget vil medføre ei forenkling av reglane og sakshandsaminga i dei tilfeller der lovbestemt krav om personleg bu- og driveplikt ikkje blir oppfylt. Ein vil bruke mindre tid frå saka blir starta til ein kan nytte sanksjonar mot pliktbrottet. Vi meiner at det er naturleg at ein i slike saker må gjere ei konsesjonsvurdering på same måte som i saker som var underlagt konsesjonshandsaming i utgangspunktet. Forslag om at det gis nærmere reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon. Dette er ei problemstilling som ikkje er utbreidd i Møre og Romsdal, men nokre rammer for kva vilkår som er rimeleg vil bidra til ei enklare handsaming av saka.

Forslag om at buplikta berre kan oppfyllast ved registrering i folkeregisteret som busett på eigedommen. Forslaget gjeld unntaksregelen frå busettingskravet. Også dette er ei problemstilling som ikkje er særleg vanleg i Møre og Romsdal. Vi har ingen kommentarar til forslaget.

Forslag om at driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønnsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdragning, og være varig. Det er allereie eit forbod mot vanhevd av dyrka mark i jordlova § 8. Men forslaget kan føre til at dei plikter ein har som grunneigar blir meir synlege gjennom ei varig driveplikt.

Forslag om at slektskapsunntaket kan fjernast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense. I Møre og Romsdal er det berre ein kommune som har nedsett konsesjonsgrense og det er berre for ein del av kommunen. Forskrifta si framtid er også til handsaming i kommunen. Det er difor ikkje eit stort problem i dag. Men vi forstår dei

erfaringar ein har i andre fylke slik at den forma for konsesjonsfri overdraging ikkje er uproblematisk. Det er ikkje fleire kommunar som arbeider aktivt med å innføre forskrift om nedsett konsesjonsgrense, men vi vil likevel støtte forslaget om å fjerne slektsskapsunntaket.

Det er også bedt om synspunkt på om det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom. Dette er ei problemstilling som ikkje er særleg aktuell for Møre og Romsdal. Vi har difor ingen merknader til forslaget.

Fylkeslandbruksstyret i Møre og Romsdal fatta samråystes vedtak om følgjande merknader til høyringa:

Fylkeslandbruksstyret viser til Fylkesmannen i Møre og Romsdal sine merknader.

Fylkeslandbruksstyret gir uttale til høyring om endring i reglane om bu- og driveplikt i samsvar med Fylkesmannen i Møre og Romsdal sine merknader.

Med helsing

Anne Berit Løset (e.f.)
Landbruksdirektør